



EUB LTD  
Øvre Kråkenes 66  
5152 BØNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2059 - 16/20829

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
05.08.2016

## Avvisning av søknad om oppføring av bustad med kjellerleilighet gbnr 137/793 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 395/16**

**Tiltakshavar:** Kennet Meland Bjørge  
**Ansvarleg søkjar:** EUB LTD  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av einebustad med kjellarleilighet med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 401 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 211 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 20 % BYA. Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og støttemurar, samt opparbeiding av avkøyrsløp, interne vegar og parkering.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.07.16.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden er sendt som søknad i 1-trinn med 3 veker sakshandsaming. Det går fram av søknaden at vilkåra for 3 veker sakshandsaming ikkje er oppfylt då ein ikkje kan sjå at det ligg føre løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløp.

### Vurdering:



Dersom eit omsøkt tiltak ikkje stettar krava i lov og forskrifter eller er i strid med plangrunnlaget, skal det omsøkte tiltaket avslåast.

#### Oppføring av einebustad med kjellarleilighet

Det er i delingssak 16/105 datert 30.05.2016 gjeve løyve til deling av gnr 137 bnr 210. Den frådeltte parsellen har fått tildelt gards- og bruksnummer 137/739.

Det er krav om reguleringsplan for søknadspliktige tiltak, jf punkt 2.3 i føresegnene til kommunedelplanen. Kommunen kan etter sitt skjønn likevel opne opp for bygging utan plan for inntil 2 bustader, jf punkt 2.4 i føresegnene til kommuneplanen.

Kommunen har tidlegare vurdert at det kan førast opp 2 bustader utan plan på den opprinnelege eigedomen 137/210 utan at det vert sett krav om reguleringsplan. I delingsvedtaket er det sett vilkår om at det skal førast opp maksimalt ein einebustad på kvar av tomtene med maksimalt ei bueining på kvar. Det er ikkje sendt inn søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Knarvik-Alversund for oppføring av einebustad med kjellarleilighet på denne eine parsellen. Det omsøkte tiltaket er i strid med kommunedelplanen og delingsvedtaket.

Ytterlegare utbygging enn det som er gjeve løyve til i delingsvedtaket krev reguleringsplan.

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om løyve for oppføring av einebustad med kjellarleilighet i eit-trinn avvist.**

**Grunngjevinga går fram av vurdering i saksutgreiinga.**

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2059**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kennet Meland Bjørge

Isdalstøbakken 26 5916

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

EUB LTD

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES